



# Vald i heimen

**Mål for økta:** Barna lærer at vald og truslar om vald kan skje i nokon familiar, og at dette ikkje er lov. Barna må vite at det aldri er barna si skuld, og at vaksne som har det slik treng hjelp til å slutte. Det er lov og lurt å snakke med andre vaksne om dei har det slik heime.

## Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

- Kva ser vi på dette bildet? Kva har skjedd? Kva gjer mammaen med barnet sitt øyre? Kvifor gjer ho det? Kva gjer barnet under bordet? Har foreldre lov å knipe? Har barn lov å søle mjølk? (Ja, uhell kan skje, og både barn og vaksne kjem innimellan til å søle, knuse eller øydelegge ting. Det bør ikkje gjerast med vilje, men det er heilt normalt at det skjer.)
- Kva kunne mammaen heller ha gjort? (Ho kunne forstå at det ikkje var gjort med vilje, og så kunne dei smilt til kvarandre og rydda opp saman, og laga til eit nytt glas med mjølk.)

## Fortel barna korleis vald i heimen kan vere:

Vald er når nokon slår, sparkar, knip, luggar, eller gjer andre ting mot nokon for å straffe, skade, skremme eller gjere vondt. Vald kan også vere å seie at ein skal gjere det, altså true med å gjere det. Eller vald kan vere å bruke orda sine for å straffe, skade, skremme eller gjere vondt. Alle blir sinte av og til, foreldre også. Det er både vanleg og heilt greitt å bli sint! Men det er ikkje greitt å bruke vald sjølv om ein blir sint.

Heldigvis er det altså IKKJE lov å bruke vald i Noreg. Foreldre har ikkje lov å straffe, skade eller skremme barn sånn. Både barn, ungdom og vaksne har rett til å vere trygge, og rett til å ikkje oppleve vald. Foreldre har heller ikkje lov å slå eller skade kvarandre, for det går ut over barna også.

Sjølv om det ikkje er lov veit vi at det av og til skjer likevel. Nokre vaksne har det slik at når dei blir veldig slitne, veldig stressa eller sinte, så kan dei liksom miste kontrollen over seg sjølv, og gløyme at det ikkje er lov å bruke vald. Då kan foreldre rope høgt og knipe eller slå viss barna for eksempel søler, eller har gjort noko anna som foreldra syns blei dumt. Då blir barna veldig lei seg og redde, og det er ikkje rart. Mammaer og pappaer som av og til blir sånn, kan vere både snille og skumle. Og dei har vanlegvis lyst til å klare å slutte med å vere sinte og å bruke vald. Då treng dei ofte hjelp frå nokon andre vaksne. Derfor er det så viktig at barn som har det sånn veit at dei kan fortelje dette til nokon andre vaksne, som for eksempel oss vaksne i barnehagen. For då kan vi sørge for at foreldra og barna får hjelp.

Det er aldri barn si skuld når vaksne bruker vald. Det er alltid den vaksne si oppgåve å passe på at dei ikkje blir så sinte at dei skremmer barn.

Ein ting som er bra er at det ikkje er så mange foreldre i Noreg som gjer sånn. Så du treng ikkje vere redd for at foreldra dine skal begynne med det viss dei ikkje har gjort det før. Men vi i barnehagen veit ikkje kven som har det sånn heime, og derfor viser vi dette bildet til alle, sånn at dei som har det sånn veit at dei har lov til å fortelje det til oss.